



Sjøtroll Havbruk AS
Skipavika 54
5397 BEKKJARVIK

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/2490 - 21/23016

Saksbehandlar:
Pelle Engeseter
pelle.engeseter@osteroy.kommune.no

Dato:
03.12.2021

Minimalt til ingen utslepp Skaftå med vedlegg

Vi viser til dykkar brev datert 10.september d.å. ang søknad om dispensasjon frå krav om regulerings på lokalitet Skaftå i samband med skifte bruk av ringar. Det vert også vist til svar frå Sjøtroll Havbruk AS på spørsmål frå Osterøy kommune datert mottatt 1.oktober 2021.

Lerøy Sjøtroll ber om tilbakemelding frå kommunen på følgjande punkt:

- a) Er Osterøy kommune einig med Lerøy Sjøtroll i at vi tilfredsstiller kravet i føresegn 6.10 "*Det skal vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten*" med oppsamling av slam, slik vi visa her?

Svar: Ut i frå dei opplysningar vi sit inne med er svaret JA.

- Ved ja her, kan vi søkja om ringar på lokalitet Skaftå VA1?

Svar: JA

b) I føresegn 6.9 står det "*For eksisterande lokalitetar er det krav om reguleringsplan ved vesentlege endringa. Med vesentlege endringar meinast større utviding av anlegg, skifte av type anlegg og liknande*" Erfaringa med reguleringsplan før ein ordinær søknad gjev ei forseinking i prosessen på 1-2 år. Vi ønsker å få søknadsprosessen gjennomført innan neste utsett sommaren 2022.

- Kan ein slik søknad om ringer på lokalitet Skaftå få dispensasjon frå kravet om reguleringsplan?

Svar: JA. Skifte til bruk av ringer utgjer ikkje ei vesentleg endring, men vert rekna som ei teknologisk oppgradering som ikkje krev reguleringsplan. Tiltaket vil også etter dei opplysningar vi sit inne med føre til betre miljøkvalitet i resipienten. Dette er ikkje til hinder for at det ved seinare høve kan kome krav om reguleringsplan for tiltaket.

Oppfølgingsspørsmål c) og d) er ikkje relevante og fell bort.

Med helsing

Pelle Engeseter
einingsleiar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

21/2490 Sjøtroll Havbruk – Tilfredsstillande føresegner i kommuneplan

Vi treng avklaring frå Sjøtroll Havbruk på nokre spørsmål merka med raudt under. Teksten er henta frå førespurnaden side 10.

For å få dette gjennomført treng vi Osterøy kommune med på laget, da vi har knapt med tid før neste utsett på Skaftå om eit år. Lerøy Sjøtroll ber derfor om tilbakemelding frå kommunen på følgjande punkt:

a) Er Osterøy kommune einig med Lerøy Sjøtroll i at vi tilfredsstiller kravet i føresegn 6.10 "Det skal vera minimalt til ingen utslepp av organiske partiklar til resipienten" med oppsamling av slam, slik vi visa her?

• Ved ja her, kan vi søkja om ringar på lokalitet Skaftå VA1? Vil dette gjelde både lokalitetane på Blom og Skaftå? Og gjeld det dagens situasjon?

Vi ønsker i denne omgang å søkja om ringar innafor VA1 i arealplan, slik at me ikkje løyse ut føresegnene som gjeld for VA2. På sikt ønsker vi å søkja inn ringar også på Blom, da dette er meir framtidsretta teknologi, men her tenkte vi at vi må vente til kommunen set av nok areal i kommuneplanen til å leggja ut ringar her. Vi har også tenkt tanken å søkja inn lokalitet Sandvik frå Vaksdal kommune til Skaftå, dette vil ikkje auka produksjonen i fjorden men flytta den til Osterøy. Årsaka er at Vaksdal kommune har fjerna areal satt av til Akvakultur i arealplanen.

I Regjeringa sin havbruksmelding får Lerøy Sjøtroll god omtale av oppsamlingssystemet sitt for slam i fiskemerder. For kva lokalitetar gjeld dette? Både Blom og Skaftå? Dette kan isolert sett indikere at Lerøy Sjøtroll kan tilfredsstille kravet i føresegn 6.10, men vi er usikre på kva lokalitetar Havbruksmeldinga siktar til. Vi blir såleis noko usikre på lokaliteten på Skaftå når vi les på side seks om samanlikninga mellom Blom og Skaftå knytt til ny teknologi. Resultata frå slamfellene viser «at oppsamlinga på Blom har ein effekt - det er signifikante meir sediment under anlegget utan oppsamling enn med oppsamling». Vi forstår det slik at Skaftå her er anlegget utan oppsamling. Kan vi få ei presisering her? I Sørfjorden har vi hatt fullskala oppsamling på lokalitet Blom, på Skaftå har vi hatt tradisjonell produksjon utan oppsamling. Vi meina at vi tilfredstillar kravet i Føresegn 6.10 på lokalitet Blom, men ved å skifte til ringar på lokalitet Skaftå ved å nytta fullskala oppsamling vil vi tilfredsstilla kravet også på Skaftå.

På side 10 skriv de at de vil ta store investeringar for å gjennomføre oppsamling av organiske partiklar frå produksjonen i Sørfjorden, bla på Skaftå (VA1). Kva tenker de her i høve til føresegn 6.10? Tilfredsstiller de i dag denne førsegna?

Vi meiner vi tilfredsstille krava på lokalitet Blom. Ved å overføre denne kunnskapen og teknologien til Skaftå ved å endra lokalitet til ringar med oppsamling og med ny flåte som har mykje større filter- og lagrings-kapasitet, meina me at krava i føresegn 6.10 også er tilfredsstilt på lokalitet Skaftå.

b) I føresegn 6.9 står det "For eksisterande lokalitetar er det krav om reguleringsplan ved vesentlege endringa. Med vesentlege endringar meinast større utviding av anlegg, skifte av type anlegg og liknande" Erfaringa med reguleringsplan før ein ordinær søknad gjev ei forseinking i prosessen på 1-2 år. Vi ønsker å få søknadsprosessen gjennomført innan neste utsett sommaren 2022.

• Kan ein slik søknad om ringer på lokalitet Skaftå få dispensasjon frå kravet om reguleringsplan? JA Skifte til bruk av ringer utgjer etter vårt syn ikkje ein vesentleg endring, men kan sjåast på som teknologisk oppgradering. Tiltaket vil også føre til betre miljøkvalitet i området.

c) Dersom nei på spørsmål b) om reguleringsplan, er det da mogeleg å gjennomføra ein forenkla reguleringsplan, parallelt med ein ordinær søknad om ringar på Skaftå?

Osterøy kommune

d) Dersom nei på spørsmål c) om forenkla reguleringsplan, er det da mogeleg å handsama ein ordinær søknad parallelt med gjennomføringa av reguleringsplanen?

e) Må vi gjennomføra ein reguleringsplan for Skaftå, for deretter å søkja om ein lokalitetsendring på lokalitet Skaftå etter at reguleringsplan er godkjent? Dette alternativet vil forseinka prosessen med oppsamling med ytterlegare to år.

Håpar på rask tilbakemelding på dette og treng De ytterlegare informasjon, ver venleg ta kontakt med underteikna